

Respons

Kina: Korrupsjonsvarslarar

Problemstilling/spørsmål:

- Forsøker kinesiske myndigheter å bekjempe korrupsjon, blant annet ved å straffeforfølge såkalte ”storfisker”?
- Hender det at varslere og journalister som melder fra om korrupsjon, selv blir arrestert og straffet? Eller sikrer meldingssystemet som er forsøkt bygd opp varslerne?

Bakgrunn

Kina scorar 39 på Transparency International sin Corruption Perceptions Index for 2012 og ligg med dette som nummer 80 av 176 land og territorium. Ein score på under 50 indikerer eit alvorleg korrupsjonsproblem. Hong Kong, som er ein ”spesiell administrativ region” i Kina, er derimot kjend for sin ”reinleik”, og scorar 77 på denne indeksen, noko som plasserar byen på 14. plass i verda (Transparency International 2012).

Korrupsjon vert gjerne definert som det å mute eller ta imot muter (bestikkelser), i form av pengar, gåver eller tenester, til gjengjeld for fordelar utanom reglane. Det kan overlappe med maktmisbruk, til dømes der personar i offentlege maktposisjonar nyttar desse til å skaffe seg fordelar på andre si rekning. Mange stader i Kina overlappar politikk og næringsliv, i det byråkratane har næringsinteresser lokalt og såleis sit på begge sider av bordet. Det resulterer ofte i at lover og reglar ikkje vert handheva og at mange korruperte tenestemenn og -kvinner aldri vert straffa.

Tiltak mot korrupsjon

Trass i ein del mottiltak, er korrupsjon framleis utbreidd i Kina. I statleg eigde føretak og offentlege institusjonar skal han vera aukande (CECC 2012). Korrupsjon skader partiet si truverd og trugar stabiliteten i samfunnet – korrupsjon er til dømes ei direkte eller indirekte årsak til mange av dei meir enn 100 000 demonstrasjonane som finn stad i Kina kvart år. Den nye kinesiske leiinga med president Xi Jinping i spissen har difor (i likskap med sine forgjengarar) starta ein profilert kampanje mot korrupsjon i stat og parti. Spørsmålet er om denne og liknande kampanjar er heilhjarta forsøk på korrupsjonsnedkjemping eller meir eit spel for galleriet. Kommentatorar (til dømes Lubman 2013) skuldar den kinesiske leiinga for å

Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

rette skytset mot symptoma og ikkje mot sjølve systemet (som til dømes domstolanes manglande sjølvstende) som gjer den omfattande korrupsjonen mogleg.

Iblant vert høgt plasserte ”storfiskar” tekne. Døme på mektige personar som har blitt dømde for korrupsjon i 2013, er tidlegare jernbaneminister Liu Zhijun og Liu Tienan, leiar for Den nasjonale utviklings- og reformkommisjonen. Aller størst har likevel saka mot tidlegare politbyråmedlem og partisjef i Chongqing, Bo Xilai, vore. Han er tiltala for smørjing, korrupsjon og maktmisbruk og representerer det kanskje høgste fallet frå makta som har vore offentleg kringkasta i Kina sidan prosessane mot Firarbanden i 1980-81. Saka var akkurat avslutta då denne responsen vart skriven, og dommen var ikkje falt enno. Samtidig kom det ut at Kommunistpartiet har vedteke å etterforske også tidlegare minister for offentleg sikkerheit og medlem av Politbyråets ståande komité, Zhou Yongkang for korrupsjon. Som ståande komitémedlem er han den høgst plasserte personen nokon sinne til å bli etterforska for korrupsjon i Kina (SCMP 2013).

Å rydde korrupte folk av vegen bidreg til å halde oppe partiet sitt gode namn og rykte. Streng dommar vert breitt publisert for å syne at partiet tek problemet på alvor, men ofte ligg det også maktspel og meir personlege motiv til grunn. Sakene mot Bo og Zhou kan tyde meir på ei maktpolitisk grunna utreinsking enn eit forsøk på å komme korrupsjonen og røtene dens til livs. Sett i det perspektivet er ikkje ”storfiskfangst” nødvendigvis eit resultat av korkje varsling eller systematisk satsing på korrupsjonsnedkjemping.

Andre iverksette tiltak mot korrupsjon, inkluderar ei rekkje reguleringar og retningslinjer vedteke dei siste åra. Congressional-Executive Committee on China (CECC) skriv i sin årsrapport for 2012 at:

Central-level authorities continued to build institutions and issued plans to address growing corruption problems. The drive to establish anticorruption bureaus at the provincial, autonomous prefecture, and municipal levels continued. The Supreme People's Procuratorate began a two-year anticorruption campaign in rural areas.

I tillegg har Kommunistpartiet si anti-korrupsjonseining, Den sentrale disiplin- og inspeksjonskomiteen, oppretta såkalla ”hotlines” som folk kan ringje til anonymt og melde frå om uregelmessigheiter (People's Daily 2009). Komiteen driv også ein nettstad som ynskjer varsling om korrupsjonsmistankar velkommen, men berre frå folk som varslar under fullt namn (Wee 2013).

Reaksjonar mot varslarar

Ikkje alle ynskjer eller våger å rapportere slike mistankar under fullt namn, andre har ikkje tillit til at bedrifta eller staten vil handsame skuldingane deira nøytralt og effektivt. Weibo, Kina sitt svar på Twitter, vert difor mykje nytta. Eit fåtal varslarar skriv likevel under eige namn (Wee (2013) estimerer dei til rundt tre dusin), og sjølv om partiet har uttala at all varsling under fullt namn er velkommen, går nok slike bloggarar ein fin balansegang. Journalistar og andre som tek til med gravande verksemd på eige initiativ, tek også ein risiko. CECC skriv i sin årsrapport for 2012 at ”vernet for varslarar er utilstrekkeleg og styresmaktene har låg toleranse for ikkje-statlege antikorrupsjonstiltak” (CECC 2012, Landinfo si omsetjing).

Dei siste månadene har styresmaktene slått hardt til mot anti-korrupsjonsaktivistar. Meir enn 50 aktivistar, advokatar og andre er sidan mars 2013 pågripne eller forsvunne for mellom anna å ha kravd tiltak mot korrupsjon, som til dømes at kinesiske politikarar gjer innsyn i formuane sine (CHRD 2013; Lubman 2013). Desse er del av ei større rørsle som vert kalla ”New

Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

Citizens' Movement" og som også har andre krav som meir demokrati og openheit i kinesisk politikk. CECC skriv også at anti-korrupsjonsaktivistar i 2012 vart trakasserte eller sende i arbeidsleir (såkalla *reeducation through labour*) og at demonstrasjonar mot offentleg korrupsjon vart slegne hardt ned på.

Varslarar eller andre som står i vegen for ulovleg eller ureglementert maktutøving, kan også verte fysisk angripne av ukjende valdsmenn. Desse er gjerne hyrd av dei som skuldingane rammer, til dømes lokale politikarar og/eller forretningsfolk som ynskjer å beslaglegge jorda deira. På grunn av desse sin maktposisjon, vert hendingane ofte ikkje etterforska, og angriparar og bakmenn vert heller ikkje arresterte (Grammaticas 2012; Luo 2013; Wee 2013).

Tidlegare har Human Rights Watch hevda at kinesiske styresmakter har "ei historie med å gjere varslarar og dei som avslører offentleg korrupsjon, til målskiver" og at nokre av desse vert plasserte i utanomrettsleg forvaring på mentalsjukehus (HRW 2009, s. 12). HRW si kjelde er Robin Munro, ein kjend ekspert på politisk psykiatri i Kina. Munro kallar dette "ein fordekt måte å bringe folk til taushet på, utan ansvar (*accountability*) eller kontrollmekanismar. Personen forsvinn, og med han alt bevismateriale han måtte ha samla om offentleg tilsette" (Branigan 2008, Landinfo si omsetjing). Dette gjeld truleg ganske få.

Asia Times (Wu 2009) skreiv i 2009 at kinesiske borgarar nøler med å tipse styresmaktene om offentleg korrupsjon, trass i eit aukande folkeleg sinne mot fenomenet. Ei undersøking fann at berre 40,1 prosent av respondentane kjende seg forplikta til å rapportere om korrupsjonsmistankar, og så mange som 34,9 prosent var redde for at rapporteringa kunne få følgjer for dei personleg. Ifølgje Wu er frykt for gjengjeld ei alvorleg bekymring for varslarar. Statistikk frå den øvste påtalemakta viste ifølgje Wu (2009) at på 1990-talet vart årleg nesten 500 vitne eller informantar i korrupsjonssaker drepne eller alvorleg skadd. Dette talet hadde i 2009 stige til rundt 1200 personar årleg.

Risikoen for å hamne i vanskar etter å ha rapportert om korrupsjon i Kina, avheng av faktorar som eigen posisjon, eige kontaktnett, posisjonen til den eller dei som skuldingane går ut over, samt skuldingane si natur. Det er også risikabelt om styresmaktene oppfattar ein som ei organisert rørsle eller byrjinga på ei slik. Kinesiske styresmakter har generelt låg toleranse for folk som nyttar Internett eller andre medium til å "sverte" dei eller organisere seg mot dei.

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining innhente og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda og Justis- og beredskapsdepartementet kan ha behov for kunnskap om for å kunne løyse oppgåvane sine. Landinfo sine rapportar og temanotat er basert på opplysningar frå både offentlege og ikkje offentlege kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar. Kjelder som av ulike grunnar ikkje ønskjer å bli offentleggjort, er ikkje nemnd ved namn.

Ein respons er eit svar på konkrete spørsmål og problemstillingar som saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga har stilt Landinfo. Responsar er ikkje meint å vere utfyllande redegjeringar for eit tema eller eit spørsmål, og kjeldegrunnlaget vil ikkje nødvendigvis vere like breitt som i våre temanotat. Responser er utarbeidda innanfor begrensa tidsrammer og vil i liten grad innehalde bakgrunnsinformasjon

Opplysningane som blir lagt fram i responsane kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør vere i utlendingsforvaltninga si handsaming av søknader. Landinfo sine responsar er heller ikkje uttrykk for norske styresmakter sitt syn på dei tilhøva og landa som responsane omhandlar.

Referanser

- Branigan, T. (2008, 8. desember). Psychiatric treatment used to 'silence' Chinese critics. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.guardian.co.uk/world/2008/dec/08/china-forcible-psychiatric-treatment-silences-critics> [lasta ned 8. september 2011]

Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

- CECC, dvs. Congressional-Executive Committee on China (2012, 10. oktober). *Annual Report*. Washington: CECC. Tilgjengeleg frå <http://www.cecc.gov/publications/annual-reports/2012-annual-report> [lasta ned 26. august 2013]
- CHRDC, dvs. Chinese Human Rights Defenders (2013, 9. september). *Individuals Detained in Crackdown on Peaceful Assembly & Association*. Washington: CHRDC. Tilgjengeleg frå <http://chrddnet.com/2013/07/individuals-detained-in-crackdown-on-assembly-and-association/> [lasta ned 10. september 2013]
- Grammaticas, D. (2012, 6. mars). Taking on China's corruption. *BBC*. Tilgjengeleg frå <http://www.bbc.co.uk/news/world-asia-china-17267938> [lasta ned 12. august 2013]
- World News Views (2013, 16. juli). China crackdown on corruption campaigners. *World News Views*. Tilgjengeleg frå <http://worldnewsviews.com/2013/07/16/china-crackdown-on-corruption-campaigners/> [lasta ned 9. september 2013]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2009, 12. november). "An alleyway in hell". *China's abusive "black jails"*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/china1109web_1.pdf [lasta ned 09.11.2011]
- Lubman, S. (2013, 1. august). The Gaping Hole in China's Corruption Fight. *Wall Street Journal*. Tilgjengeleg frå <http://blogs.wsj.com/chinarealtime/2013/08/01/the-gaping-hole-in-chinas-anti-corruption-drive/> [lasta ned 22. august 2013]
- Luo, C. (2013, 9. juli). Guangdong whistle-blower attacked with sulphuric acid. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.scmp.com/news/china/article/1278702/guangdong-whistle-blower-attacked-sulphuric-acid> [lasta ned 9. august 2013]
- People's Daily (2009, 30. juni). Whistleblowers flood China's anti-corruption hotline. *People's Daily*. Tilgjengeleg frå <http://english.peopledaily.com.cn/90001/90776/90785/6689783.html> [lasta ned 8. september 2011]
- SCMP, dvs. South China Morning Post (2013, 30. august). Zhou Yongkang, former security tsar linked to Bo Xilai, faces corruption probe. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.scmp.com/news/china/article/1300525/zhou-yongkang-former-security-tsar-linked-bo-xilai-faces-corruption-probe> [lasta ned 30. august 2013]
- Transparency International (2012). *Corruption Perceptions Index 2012*. Berlin: Transparency International. Tilgjengeleg frå <http://www.transparency.org/cpi2012/results> [lasta ned 22. juli 2013]
- Wee, S. (2013, 4. august). Whistleblowers pay price even as China vows to fight corruption. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <http://www.reuters.com/article/2013/08/04/us-china-corruption-whistleblowers-idUSBRE9730BB20130804> [lasta ned 22. august 2013]
- Wu, Z. (2009, 26. mars). Dark days for China's whistleblowers. *Asia Times*. Tilgjengeleg frå <http://www.atimes.com/atimes/China/KC26Ad01.html> [lasta ned 9. september 2011]

© Landinfo 2013

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av lovpåbåda i åndsverklova. Utan særskilt avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillatt når det er hjemla i lov.